Statens vegvesen

STIAN ANDRE RAUNEHAUG
LEKNESVEGEN 111
5915 HJELMÅS

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/45379-15 | | 05.11.2018 |

# Førehandstilsegn - Avkøyrsle - Fv. 391 - Gnr. 195 bnr. 71 - Lindås kommune

Vi viser til søknad av 03.03.2018. Vi viser også til vidare korrespondanse i saka, samt ny situasjonsplan mottatt 02.11.2018.

**Vedtak**
Med heimel i veglova § 40 og §43 gir vi løyve til etablering av avkøyrsle frå fv. 391 til eigedomen gnr. 195 bnr. 71 i Lindås kommune.

**Vilkår for løyvet**
Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med revidert situasjonsplan, datert 31.10.2018. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsle,* som ligg ved.

2. Løyvet gjeld etablering av avkøyrsle til ein bustad og ein fritidsbustad.

3. Frisikt 1,1 meter over bakken 3 meter inn i avkøyrsla skal vere 30 meter til kvar side av køyrebana, sjå *Krav til utforming* (vedlagt). Eventuelle plantar og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5meter.

4. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalast punktet i avkøyrsla skal ikkje vere meir enn 5 meter.

5. Stigningskravet må haldast (sjå *Krav til utforming*). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 meterane.

6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.

7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsel, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

8. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsel*.

9. **Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsel* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.**

10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrselen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsle* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:
http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling
http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse

### Bakgrunnen for vedtaket
Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsel frå.

I ny situasjonsplan mottatt 02.11.2018 er våre tidlegare merknader imøtekome.

### Rett til å klage
Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «klage på forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

**Vedlegg**

Veglova § 40 og §43
Situasjonsplan
Krav til utforming av avkøyrsle
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsle

Statens vegvesens saksnummer 18/45379

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsle

Eg/vi melder om at avkøyrsle frå fylkesveg 391, hp 1, km 350, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 05.11.2018.

…………………………………………………………………………………………………………..

Sted/dato underskrift søkar/grunneigar

…………………………………………………….

Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til: Statens vegvesen Region vest, PB. 43, 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no

# KRAV TIL UTFORMING AV AVKØYRSLE utan gs-veg

Revidert
02/2017

## PLANSKISSE AV AVKØYRSLE




## LENGDESNITT I GRØFT VED AVKØYRSLE




## SNITT GJENNOM MIDTLINE I AVKØYRSLE




## MINSTEKRAV TIL SIKT I AVKØYRSLE






Tomt: 2963,6 m2
BYA: 278,8 m2
BRA: 365 m2
MUA: 351 m2

## UTEAREAL 521 m2

| | |
|---|---|
| Plen 304m2 | Terrasser 47m2 |
| Inngangsparti og gangvei 170 m2 | |

## ANNET

| | |
|---|---|
| Sprengsteinsfylling plastret med jord | Tilkomstvei/parkering og snuareal |

Tegnet at Stian Raunehaug
Målestokk 1:500

G.nr.195/
b.nr71

REVISJON 5, datert 31.10.18

Lindås kommune
Geodata avdeling

Grunnkart.

Dato: 2018.06.04
Sign: SSO

G.nr. 195, b.nr. 71.

N

Målestokk
1:500

A 12

Målestokk 1:500